
Fra: Marius Tenden <kontor@hamm-kam.no>
Sendt: onsdag 11. juli 2018 11:43
Til: Byggesak Lindås
Emne: Løyve til oppføring av bustad - gbnr 102/121 Vabø, saknr.: 18/772
Vedlegg: Løyve til oppføring av bustad - gbnr 102121 Vabø (374679).pdf

Hei.

Har eit spørsmål ang. løyve til oppføring av bustad på eigedomen (sjå vedlegg).

Det er gitt avslag på søknad om dispensasjon for dagslyskrav på soverom 1 i kjellar leilegheit. Såleis er det eit vilkår i løyve:

Søknaden om etablering av bustad med utleigehusvære vert godkjend på vilkår av at tiltaket oppfyller krav i teknisk forskrift , TEK10. Det må sendast inn reviderte teikningar og/eller situasjonsplan som viser at tiltaket er prosjektert i samsvar med TEK10. Vi gjer merksam på at større endringar av tiltaket kan krevja at det vert søkt om endring av gitt løyve.

Dette vert imøtekomme, og det vert gjort mindre endringar i kjellar for å imøtekomme krava i TEK10. Men i desse ferietider kan ikkje dette gjerast og sendast inn før arkitekt er tilbake på jobb.

Er det å forstå att ein ikkje kan begynne på noko arbeid før dette vilkåret er oppfylt, eller er det mogleg å begynne med arbeid som ikkje er råka av vilkåret i det heile (dvs. grunnarbeid)?

Med vennleg helsing

Marius Tenden
For
Hammar-Kameratane AS